

- Ungdommane er kjempeviktige for oss!

03.07.2020



Kjetil Åkre trivest så godt med jobbinga på Spar at han no satsar på å ta fagprøven.

- Ungdommane er kjempeviktige for oss. Vi hadde ikkje klart oss utan dei, og dei er så kjekke og flinke, uttalar dagleg leiar ved Spar Uskedalen, Gunn Mari Moberg. Kroppsspråk og tonefall når ho seier det, understrekar at dette er noko som ho verkeleg meiner. I dag er 11 av dei 19 på lønningslista i den svært populære butikken, som er så kjend for sin gode service, ungdommar under 25 år.




Fredrik Haugland er ferskast i den hyggelege betjeninga. Han starta i jobben no til ferien.

Gunn Mari understrekar at det ikkje berre er i ferietida at dei er avhengig av desse flinke, blide og pålitelege ungdommane. Også resten av året gjer skuleungdommane ein svært viktig jobb som deltidstilsette.

To av ungdommane skil seg litt ut frå resten. Det er Eirik Skogseth som er den første lærlingen i butikken. Han er snart ferdig med læretida, og på tidleghausten skal den hyggelege Sunde-buen opp til fagprøven. Erfaringane Spar har gjort med å ha den første lærlingen, er svært gode, og derfor er dei svært glade for at ein ny lærling startar på løpet mot fagprøven i september. Det er Kjetil Åkre frå Herøysundet som vi kjenner godt som ein triveleg kar etter at han begynte i butikken for fem og eit halvt år sidan. Bakgrunnen for valget han har gjort er at han likar jobben godt.

- Dette er ein kjekk arbeidsplass, og eg likar meg godt, seier han om det.



Mariinn Inntveit stortrivest saman med kollegaene og kundane på Spar Uskedalen.

Ein annan 'veteran' som ordlegg seg i same bane er Marlinn Inntveit. Ho er til vanleg student i Bergen og jobbar på Spar annakvar helg. No har ho nett starta på sin 5. sommar som ferievikar, og då vi møter henne i varmmatdisken er det ikkje tvil om at ho trivest godt med jobben på Sanden.

- Det er så godt samhald mellom oss som jobbar her, og det er så kjekt å møte kundane. I tillegg er det varierte og kjekke arbeidsoppgåver, seier herøysundsjentera samtidig som smilet understrekar det ho seier.

Blant dei ferskaste på det gode samarbeidslaget på Spar Uskedalen er Ingeborg Huse Bjørnebøle og Fredrik Haugland. Ingeborg starta opp som deltidstilsett i september, medan Fredrik begynte no til ferien. Begge er komne godt inni jobbrutinane og den gode og vennlege kundebetjeninga, og deilt gjev begge tydeleg uttrykk for at dei syns dei er heldige som har fått desse jobbane.

I tillegg til dei fem nemnde er også 6 andre ungdommar i sving for å halda den gode drifta i gang på den gode matbutikken vår. Alle er skuleungdommar, og dei fleste jobbar deltid gjennom året i tillegg til at dei er ferievikarar no i sommar. Det er Ida Marie Eidsvik, Margrethe N. Hillestad, Aurora N. Mathisen, Susanne Løland Eik, Lene Løyning og Mathias Børve. Alle desse får ein særdeles god start i arbeidslivet, og vi veit mange av dei som har hatt denne starten gjennom åra, set stor pris på det. Dei gløymer ikkje den gode tida då dei jobba ved Spar Uskedalen.



Ingeborg H. Bjørnebøle er svært glad for at ho er blant dei heldige som har fått jobb i butikken.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland